



Tilsynsutvalet i Hordaland

Helga Midnes
Postboks 56
5782 KINSARVIK

Kinsarvik, 26.02.2018

Svar på spørsmål om køyring med snøskuter frå Dyranut til Fodnastøl.

Viser til telefonsamtale 20.02 2018 der du spør om mogelegheit for å føre på Dyranut som eit alternativt utgangspunkt for transporterering til Fodnastøl, på eksisterande løyve. Løyvet du allereie har for transport til Fodnastøl, har utgangspunkt frå Røte- og frå Garen.

Tilsynsutvalet i Hordaland handsama søknaden i møte 22.02.2018 og gav avslag på søknaden din.

Avslaget er gjeve fordi ein av omsyn til verneområdet ikkje ynskjer unødig ferdsle. Kortaste køyrerute til Fodnastøl er frå Røte, og det er herifrå ein ynskjer at transporten skal føregå, dersom det er mogeleg.

Dette vedtaket kan påklagast innan 3 veker frå det er motteke. Eventuell klage må grunngjevast og skal framsetjast i skriftleg form. Klagen skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast til det tilsynsutvalet som har handsama søknaden.

Med helsing
Tilsynsutvalet i Hordaland

Anne Gerd Nysveen
Sekretær